

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Seksjon for Energikonsesjon  
v/Sissel Belgen Jacobsen  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Sandane, 17. april 2018

Dykkar referanse: 200703458-79

## **Lutelandet vindkraftverk: søknad om utsett frist for idriftsetting**

Vi viser til brev frå NVE datert 12.08.2014 om godkjenning av utsett frist for idriftsetting av Lutelandet vindkraftverk til 31.12.2020.

I påvente av ei avklaring frå EFTAs Overvåkningsorgan (ESA) om at «Gjøaavtalen» som skal finansiere nettilknytning av vindkraftverket på Lutelandet ikkje er i strid med EØS-regelverket, har prosjektutvikling ved Lutelandet Energipark stått på vent dei siste to åra. I februar 2018 gav ESA tilbakemelding til Sogn og Fjordane Fylkeskommune om at Gjøaavtalen ikkje er i strid med EØS sitt regelverk.

Lutelandet Energipark har difor teke oppatt prosjektutviklinga, mellom anna er arbeidet med utarbeiding av miljø, transport og anleggsplan sett i gang. Utvikling av vindturbinteknologien inneber at prosjektøkonomien for vindkraftverket framleis er attraktiv, sjølv under føresetnad av låge el-sertifikatprisar.

Lutelandet Energipark og Sunnfjord Energi har inngått avtale om nettilknytning, der Sunnfjord Energi estimerer ei byggetid på 2 – 2 ½ år for 132 kV tilknytningsnettet frå Hålandsfossen til Lutelandet.

Lutelandet Energipark arbeider no etter ein plan om å fatte investeringsvedtak for vindkraftprosjektet, med tilhøyrande nettilknytning, i løpet av 2018.

På denne bakgrunn søker Lutelandet Energipark med dette NVE om utsett frist for idriftsetting av vindkraftverket til 31.12.2021, som tilsvarer fristane for nye prosjekt i el-sertifikatmarknaden.



Stig Svalheim

Dagleg leiar i Lutelandet Energipark AS